

# Sluttrapportering – Kommunale sykkelstrategiar

## 1. Bakgrunn - kort om prosjektet

Regional areal- og transportplan for Bergensområdets (RATP) retningsline 7.2 slår fast at kommunar med regionale vekstssoner bør utarbeide ein kommunal strategi for å auke bruken av sykkel og gange. Regionsenterkommunane i Bergensområdet har ulikt utgangspunkt for å arbeide med slike strategiar. Hordaland fylkeskommune sökte om midlar som kommunane Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden enkeltvis kunne söke med ei kostnadsfordeling 50/50.

Kommunal og moderniseringsdepartementet løyva 1.200.000,- til prosjektet som kunne vidareformidlast gjennom söknad frå kommunane. Departementet peikte på at det ikkje var naudsynt å avgrense fordelinga av midlane til maks. kr 300 000 pr. kommune, slik det var angitt i söknaden, men opna for at fylkeskommunen kunne fordele midlane ut frå ei nærmere vurdering av behov. Vidare understreka departementet at det var viktig å sørge for god forankring i kommunane med tanke på gjennomføring av strategiane.

## 2. Nærare om prosjektet

Alver kommune er samanslått av gamle Lindås, Meland og Radøy kommunar. Ingen av dei tidlegare kommunane har tidlegare hatt ein eigen sykkelstrategi. Alver vil ha fokus på berekraft og grøn mobilitet og sökte difor om støtte til arbeid med kommunal sykkelstrategi. Prosjektet fekk tilsegn om tilskot på inntil 300.000kr.

Askøy kommune sökte om midlar til arbeid med grunnlagsarbeid for og utarbeiding av ei kommunal sykkelstrategi. Målet med prosjektet var å identifisere og legge til rette for tiltak som kunne auke mobiliteten med gang og sykkel blant innbyggjarane i Askøy kommune og auke kunniskapen om sykkel og sykling blant politikarar, tilsette i kommunen og befolkninga. Prosjektet fekk tilsegn om tilskot på inntil 400.000kr.

Os kommune (no del av Bjørnafjorden) sökte om midlar for å jobbe mot sit overordna mål om at fleire av kommunen sine innbyggjarar, vaksne som born, skal ha sykkel som sitt primærvil for persontransportmiddel. Som del av prosjektet skal det bli tilsett prosjektleiar for "Os som sykkelby" og arbeidd med ein kommunal sykkelstrategi, samt ein handlingsplan for tilrettelegging for sykkel. Prosjektet fekk tilsegn om tilskot på inntil 425.000kr.

Fjell kommune (no del av Øygarden kommune) sökte om midlar for utarbeiding av analyser og data som eit grunnlag til ein framtidig sykkelstrategi. Data og analysane vil bli samla inn ved hjelp av installasjon av permanente og mobile sykkelteljarar som vil verte plassert inn mot hovudinnfartsårene til regionsenteret, Straume. Prosjektet fekk tilsegn om tilskot på inntil 232.437kr.

I alle prosjekta vart det stilt krav om 50 % eigenandel eller eigeninnsats frå kommunane.

## 3. Resultat

Under vert det kort presentert dei resultat og aktivitetar som her blitt gjennomført i prosjekta i dei ulike kommunane.

### Alver kommune

Prosjektet har eitt hovudmål: «Å auke sykkelandelen i Alver». Dette er eit langsiktig mål som i hovudsak kan målast i åra etter vedtak av sykkelstrategien og gjennomføring av den.

I sykkelstrategien er målet formulert slik «Sykkelandelen av alle reiser i Alver skal vere på 4% i 2031». Målet krev ei tredobling av sykkelreisene (1,3%, ref. RVU 2019). Sykkelstrategien har definert fire verkemiddel for å nå målet: 1: Fysiske anlegg. 2: Drift og vedlikehald. 3: Informasjon og kunnskapsformidling 4: Sykkelvenleg arealplanlegging.

I løpet av prosjektperioden har kommunen mellom anna arbeidd med verkemiddel nr. 3 «Informasjon og kunnskapsformidling», kommunen har gjennomført fleire kampanjar i kombinmasjon promotering av sykkelstrategien, for å få fleire innspel til den. Det er gitt gode tilbakemeldingar på kampanjane, mange i Alver meiner slike kampanjar er viktig for å motivere folk til å sykle meir. Gratis sykkelsørvis har fått høg oppslutning og det har vore høg aktivitet kring piggdekkaksjonen og Sykle til jobben. Sykkelstrategien legg vekt på telling og system for evaluering

av tiltak. Dei kontinuerlege tellingane og evalueringane vil nyttast til å måle måloppnåinga til prosjektet.

Delmål 1, «Utarbeide ein strategi for korleis Alver kommune skal arbeide med sykkel»

Delmål 1 er gjennomført – det er utarbeidd ein strategi for korleis Alver kommune skal arbeide med sykkel. Sykkelstrategien blei vedtatt 18. juni.

Delmål 2, «Strategien skal gjere planarbeid for syklande meir gjennomførbart», vil kommunen på same måte som hovudmålet sjå effektane av ved realisering av strategien. Ein har kartlagt eit hovudnett for sykkel, med prioritering av dei ulike strekningane. Dei strekningane som kan utløyse flest sykkelreiser er prioritert høgast. Dette er viktig grunnlagsarbeid for å få finansiert og gjennomført strekningane gjennom til dømes midlane som ligg i Miljøløftet. Fleire konkrete tiltak kjem i handlinsdelen, som er under arbeid.

Delmål 3, «Strategien skal gjere det enklare for folk i kommunen å reise med sykkel - på ein miljøvenleg og helsefremjande måte», handlar litt om det same som delmål 2. Med realisering av planar (bygging av fysisk infrastruktur) blir det enklare for folk å sykle i Alver. Ein har ikkje målt effekten av sykkelstrategien, då dei fleste tiltaka i den ikkje er gjennomført enda. Større investeringsprosjekt som er spelt inn til Miljøløftet er ikkje gjennomført, og/ eller målt effekt av enda. Ein del billigare tiltak har vore gjennomført i løpet av prosjektperioden, i tillegg til dei haldningsskapande tiltaka, som forklart under hovudmålet. Tiltaka gjer det enklare for folk i kommunen å reise med sykkel.

- Innspel til Kommuneplanen sin samfunnsdel
- El- syklar til BUA – Første utrulling var ein el- sykkel til begge BUA (finansiert av prosjektmidlar for sykkelstrategien), på Frekhaug og på Manger. Desse var svært populære, og ein såg behov for å utvide tilbodet (finansiert av Miljøløftet). No har BUA Frekhaug og BUA Manger fire el- syklar kvar og ein laste el- sykkel kvar er på veg.

#### Askøy kommune

Målet med prosjektet var å identifisere og tilrettelegge for tiltak som kan auke mobiliteten med gange og sykkel blant innbyggjarar i Askøy, samt å auke kunnskapen om sykkel og sykling blant politikarar, tilsette i kommunen og befolkninga. Det er gjennomført ei kartlegging av sykkelinfrastruktur på Askøy av Multiconsult. Det er utarbeida ein rapport som skildrar dagens situasjon, og seier noko om mogelegheiter for utbetring, samt kost - nytte-vurdering av disse. Det er etablert ein tverrfagleg sykkelgruppe som har jobba med sykkelstrategi og handlingsplan, og som har ansvar for å følge opp dette videre.

Det er gjennomført følgjande aktivitetar:

- ✓ kartlegging av dagens situasjon
- ✓ kartlegging av kost-nytte for investeringar.
- ✓ identifisert hovudrutennett for sykkel.

Nokon av dei omsøkte tiltaka er ikkje gjennomført da kommunens budsjett vart endra og prosjektet måtte bli nedskalert. Desse aktivitetane vil bli gjennomført på eit seinare tidspunkt, då arbeidet med sykkel vil være eit satsingsområde for Askøy kommune framover. Prosjektet vil bli vidareført gjennom sykkelstrategi og tiltak knytt til handlingsdelen.

#### Bjørnafjorden kommune

Os kommune tilsette ein medarbeidar med ansvar for prosessen med revisjon av kommunen si sykkelstrategi. Den nye sykkelstrategien er utarbeid som strekningsbasert og kostnadsberekna kunnskapsgrunnlag for det politiske slutt dokumentet som skal bli handsama av kommunestyret i løpet av 2022.

Det vart noko høgare kostnadalar knytt til sykkelstrategien, då ein saman med konsulent vart einige om å gjere eit grundigare arbeid enn først tenkt. Alle fire hovudaksane inn mot Osøyro er i detalj kartlagt og skildra med løysingsforslag. Løysingsforslaget er òg kostnadsberekna, som sett kommunen i stand til å gjere raske prioriteringar når tiltaka etterkvart skal gjennomførast.

Det er å vente at ei rekke sykkelfremjande tiltak vil springe ut av dette prosjektet; tiltak som ein ikkje såg føre seg da prosjektsøknaden vart skriven. Prosjektstillinga vert etablert som ei fast stilling som samfunnsplanleggjar med hovudvekt på infrastruktur for mjuke trafikantar (oppfølging av den nye sykkelstrategien). Prosjektet har òg resultert i at både kommuneplanleggjar og klima- og miljøvernrådgjevar er tildelt eit spissa mandat med å jobbe for å fremje sykkel i overordna planlegging og arealforvalting. Prosjektet gjorde at politisk og administrativ leiing har fått ei større forståing for viktigheita av sykkelplanfagleg kompetanse på avdelinga for samfunnsutvikling.

#### Øygarden kommune

I prosjektet vart det valt å installere teljarar frå Amparo Solutions AS. Dette selskapet har Statens vegvesen rammeavtale med. Eigne driftsfolk frå Amparo Solutions hadde også ansvar for montering. BKK ordna med straumtilførsel og kopling. Eiga arbeidskraft ble også nytta, i form av montering av anker, gjengestenger, planlegging og inspeksjon i forkant, innkjøp, samt deltaking med lastebil med utstyr, mm.

Telleutstyret vil bli brukt for å samle data til ein framtidig sykkelstrategi for Øygarden kommune.

#### **4. Formidling og samarbeid**

Arbeidet har først og fremst gått føre seg i den einskilde kommune som skildra rapportane over. Fleire av prosjekta har skapt god dialog mellom fag og politikk. I tillegg er det fleire av prosjekta som har fått omtale i lokale media.

#### **5. Økonomi**

Tabellen under viser samla løyingar og utbetalingar til kommunane:

Kommune	Løya midlar	Utbetalt
Alver kommune	300.000,-	300.000,-
Askøy kommune	400.000,-	374.966,- *
Bjørnafjorden	425.000,-	425.000,- *
Øygarden kommune	232.437,-	222.041,-
<b>Total</b>	<b>1.357.437,-</b>	<b>1.322.007,-</b>

\* Kommunane Bjørnafjorden og Askøy manglar revisorgodkjent rekneskap, men vil få utbetalta så snart dette er levert.

Samla søknadssum frå kommunane overstig tilskotet frå departementet, og Vestland fylkeskommune innvilga dei overskytande midlane, slik at alle kommunane fekk det beløpet dei sökte om. Meir detaljert oversikt over budsjett, rekneskap og eigeninnsats i det einskilde prosjekt, er gitt under.

## Alver kommune

Tittel	2020	2021	2022	2023	2024	SUM
Datafangst og analyseplan	340 000	0	0	0	0	340 000
Medverknad	260 000	0	0	0	0	260 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>600 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>600 000</b>

## Godkjend finansieringsplan

Tittel	2020	2021	2022	2023	2024	SUM
Eigne midlar	300 000	0	0	0	0	300 000
Tilskot til utvikling av kommunale sykkelstrategiar – 2. gongs utlysing	300 000	0	0	0	0	300 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>600 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>600 000</b>

## Rekneskap

Tittel	Ny kostnad	Godkjent	Akkumulert	Rest
<b>Datafangst og analysar</b>		340 000	471 550	-131 550
<b>Medverknad</b>		260 000	221 850	38 150
<b>SUM KOSTNADER</b>		<b>600 000</b>	<b>693 400</b>	<b>-93 400</b>

Alver kommune har fått ubetalt 300.000,-.

**Askøy kommune**

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Utarbeide gang- og sykkelstrategi	1 400 000					1 400 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>1 400 000</b>	0	0	0	0	<b>1 400 000</b>

**Godkjend finansieringsplan**

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Tilskot til utvikling av kommunale sykkelstrategiar	400 000					400 000
Egeninnsats	500 000					500 000
Egenfinansiering	500 000					500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>1 400 000</b>	0	0	0	0	<b>1 400 000</b>

**Regnskap**

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Konsulentbistand	25 850	321 482				347 332
Egeninnsats	141 600	261 000				402 600
<b>Sum kostnad</b>	<b>167 450</b>	<b>582 482</b>	0	0	0	<b>749 932</b>

Askøy kommune søkte undervegs i prosjektet om å få trekke attende eigenfinansieringa, og fekk dette godkjent så lenge eigeninnsatsen var tilstrekkeleg til å nå 50% eigenandel. Kommunen vil få utbetalt 374.966,- så snart revisorgodkjent rekneskap er endeleg levert.

## Bjørnafjorden

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Detaljprosjektering av prioriterte sykkeltiltak		150 000				150 000
Div. markeringar av «Sykkelbyen Os»	35 000	50 000				85 000
Handlingsplan for prioriterte sykkeltrasèer i Os		175 000				175 000
Rullering av sykkelstrategien for Os	100 000	100 000				200 000
Tilsetting av PL for sykkelstrategiarbeidet i Os	120 000	120 000				240 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>255 000</b>	<b>435 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>850 000</b>

### Godkjend finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Tilskot til utvikling av kommunale sykkelstrategiar		425 000				425 000
Os kommune		425 000				425 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>850 000</b>					<b>850 000</b>

Rekneskap:

Tittel	Ny kostnad	Godkjent	Akkumulert	Rest
Detaljprosjektering av prioriterte sykkeltiltak		150 000	0	150 000
Div. markeringar av "Sykkelbyen Os"		85 000	0	85 000
Handlingsplan for prioriterte sykkeltrasèer i Os		175 000	0	175 000
Rullering av sykkelstrategien for Os		200 000	0	200 000
Tilsetting av PL for Sykkelstrategiarbeidet i Os		240 000	0	240 000
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>850 000</b>		<b>0</b>	<b>850 000</b>

Bjørnafjorden vil få utbetalt 425.000,- så snart revisorgodkjent rekneskap er endeleg levert.

Øygarden kommune

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Teljeutstyr med oppsetjing	339 875					339 875
Asfaltering	25 000					25 000
Lastebil, gravemaskin, arbeid	54 000					54 000
Godkjent installatør	40 000					40 000
Påkobling straum BKK	6 000					6 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>464 875</b>	0	0	0	0	<b>464 875</b>

**Godkjend finansieringsplan**

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Fjell kommune, sykkelyprosjektet	232 438					232 438
Tilskot til utvikling av kommunale sykkelstrategiar	232 437					232 437
<b>Sum finansiering</b>	<b>464 875</b>	0	0	0	0	<b>464 875</b>

Rekneskap:

Tittel	Ny kostnad	Godkjent	Akkumulert	Rest
<b>Asfaltering ca. 3 m etter graving</b>	25 000	0	0	25 000
Eigen innsats; lastebil, gravemaskin, arbeid	54 000	27 392	27 392	26 608
Godkjent installatør	40 000	24 365	24 365	15 635
Pristilbod teljeutstyr med oppsetjing	339 875	385 825	385 825	-45 950
<b>Påkobling til strøm BKK</b>	<b>6 000</b>	<b>6 500</b>	<b>6 500</b>	<b>-500</b>
<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>464 875</b>	<b>444 082</b>	<b>20 793</b>	

Øygarden kommune har fått utbetalt 222.041 kr.